



Helse- og omsorgsdepartementet

Pb. 8011 Dep.,
0030 OSLO

Oslo, 16. mars 2012.

Svar på høring: «Forslag til endring i folketrygdloven – stønad til undersøkelse og behandling for sykdom hos tannpleier med mer.»

Norsk Tannpleierforening, NTpF, takkar for invitasjonen til å koma med innspel til forslag om endring i folketrygdlova. Helse – og omsorgsdepartementet sitt forslag til endringa av folketrygdlova, er eit grundig dokument med god argumentasjon til kvifor lovverket bør endrast.

Resultat ved endring av lovverk:

Ved endring i folketrygdlova til også å gjelda stønad ved behandling hos tannpleier, vil ein oppnå ein meir hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom tannpleiar og tannlege. Innbyggjarane vil på ein enkelare måte kunna få aktuell stønad frå folketrygda for tenester som blir gitt av tannpleiar. Tannpleiaren og samarbeidande tannlege, vil få betre og enklare administrative rutinar å forholde seg til. Mange, ulike politiske dokument over tid, har vist at det er politisk vilje til å endra og innretta folketrygdlova slik at tannpleiaren kan praktisera sjølvstendig på trygda si rekning. NTpF ser difor fram til at høringa med høyrings svar, skal resultera i endring av folketrygdlova til det beste for brukarane av tannhelsetenesta.

Kommentarar til høyringsnotatet:

Politiske dokument, blant anna St.meld 35 og St. meld 47 med understøttande lovverk og St. meld 16 Nasjonal Helse- og omsorgsplan (2011–2015), viser sterk politisk vilje til å vektleggja effektiv tenesteproduksjon og betre oppgåvefordeling mellom tannlege og tannpleiar. Vidare er prinsippet med best effektive

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 3, 7. etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17

E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 9235 15 58409

Org.nr.: 971 481 978 MVA

www.tannpleier.no

omsorgsnivå, BEON prinsippet, understøtta i Samhandlingsreformen. Ein samla Helse –og omsorgskomite, uttalte i innstillinga til Nasjonal helse –og omsorgsplan St. meld 16 at ”Sammen med økt utdanningskapasitet av tannpleiere, vil dette bidra til en effektiv oppgavefordeling mellom tannpleiere og tannleger, særlig i privat sektor. Komiteen ser fram til at Stortinget blir forelagt nødvendig lovregulering så snart det lar seg gjøre.” NTpF vel å visa til desse politiske føringane for å understreka den sterke politiske viljen til endring av folketrygdlova.

Ved å innretta folketrygda si dekning av utgifter til behandling også å gjelda behandling utført av tannpleiar, vil ein oppnå ein meir effektiv arbeidsfordeling mellom tannlege og tannpleiar.

Resultatet blir ein meir kostnadseffektiv bruk av ressursane, og ei forskyving av oppgåvefordelinga mellom dei to yrkesgruppene, i politisk, ønskt retning. Det blir lågare kostnader for pasient og samfunn, og det vil frigje tid hos tannlegen til utføring av andre oppgåver. Dette fører til at fleire pasientar kan behandlast. Oppgåver som tannlegen utfører, kan overførast til tannpleiar, utan at det fører til auka utgifter for pasienten, slik tilfelle er ved ordninga i dag. Ifølgje pasientrettighetslova, har pasienten rett til å påvirka val av undersøkjing –og behandlingsmetodar. At stønadsordninga er innført hos ei autorisert yrkesgruppe, og ikkje ei anna yrkesgruppe som kan utføra same type behandling, er eit hinder for at lova sin intensjon om pasienten si rett til deltaking, blir følgt. Lova må bli nøytral når det gjeld yrkestilhøyring innafor arbeidsområder som både tannpleiar og tannlege er kvalifisert til å utøva. Når begge yrkesgruppene er kompetente til å utføra behandlinga, blir det urimleg at refusjonsordninga er knytta til yrkesutøvarer sin tittel og ikkje til behandlinga som vert utført.

Tannpleiaren er spesialutdanna innafor helsefremjande og forebyggjande helsearbeid og der invistering i eigen tannhelse har fokus i møte med pasienten. Ved innretting av folketrygdlova til også å gjelda behandling hos tannpleiar, vil fokuset i større grad vera retta mot forebyggjing og pasienten si oppleving av meistring og kontroll over eigen munnhelse. Det er ein avgjerande suksessfaktor i behandlinga av bl. a. periodontale problemer.

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 3, 7. etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17

E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 9235 15 58409
Org.nr.: 971 481 978 MVA
www.tannpleier.no

Norsk Tannpleierforening støttar høyringsnotatet når det gjeld stønad ved behandling av periodontitt med aktuelle diagnostiske verkøy og etterbehandling, og at bruk av eigenandelstak 2 også skal gjelda for pasienten ved behandling hos tannpleiar.

På sikt, ser NTpF det som naturleg at det vert gitt åpning for stønad til pasienten ved behandling av andre sjukdommar der tannpleiar har kompetanse, og som det i dag blir gitt stønad til ved behandling hos tannlege.

Norsk Tannpleiarforening ser fram til at folketrygda og refusjonsordninga blir innretta mot tiltak for å unngå sjukdom. Når det blir ein realitet, vil folketrygda vera i tråd med samhandlingsreformen sin intensjon.

Venleg helsing

Norsk Tannpleierforening
Hilde Aga (sign.)
ledar

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 3, 7. etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17

E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 9235 15 58409

Org.nr.: 971 481 978 MVA

www.tannpleier.no

Tilsluttet Delta – en arbeidstakerorganisasjon i YS

Norsk Tannpleierforening
Postboks 9202 Grønland
0134 Oslo

Besøksadresse:
Lakkegata 3, 7. etg.
0187 Oslo

Telefon: 90 47 41 17
E-post: ntpf@delta.no

Bankgiro: 9235 15 58409
Org.nr.: 971 481 978 MVA
www.tannpleier.no